

## **Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet**

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune vil legge til rette for å dempe dei økonomiske og driftsmessige konsekvensane koronautbrotet og styresmaktene sine råd og pålegg har for kultur- og idrettsfeltet.
2. Vestland fylkeskommune opprettheld driftsmidlar løyvd gjennom budsjettvedtak for 2020 til kultur og idrettslivet sjølv om aktiviteten i organisasjonen vert endra og avgrensa som følgje av koronautbrotet og førebyggande råd og pålegg frå styresmaktene.
3. Vilkåra for rapportering vert oppretthaldt som i løvingsbrevet. Fylkesrådmannen kan gje dispensasjon frå vilkåret om rapportering for 2019 innan 01.05. der verksemda ikkje er i stand til å gjennomføre lovleg årsmøte innan fristen. Fylkeskommunen vil og akseptere forenkla årsmøte.
4. Vestland fylkeskommune vil ikkje krevje attende allereie løyvde midlar til tiltak, arrangement og prosjekt som er planlagt i perioden fram til 1. september, sjølv om arrangementet vert endra eller avlyst som følgje av styresmaktene sine råd og pålegg. Det vert sett krav om at alle utgifter er dokumentert i rekneskap og rapport som normalt, jf. vilkår i løvingsbrev.
5. Fylkeskommunen vil gi løyve til å utsette prosjekt, tiltak og arrangement som allereie har motteke tilsegn om tilskot. Tilskotsmottakar må gjere skriftleg greie for dei nye planane, og føremålet må vere i samsvar med opphaveleg søknad.
6. Fylkesrådmannen vil kome attende til hovudutval kultur, idrett og inkludering om omsøkte tilskotsmidlar til prosjekt og tiltak når ein har meir oversikt, både over nasjonale føringar og over søknadsmassen og behovet for midlar.
7. Vestland fylkeskommune betaler ut honorar til utøvarar som har kontrakt for oppdrag som vert avlyste i Den kulturelle skulesekken (DKS), men med etterhald om at programmet eventuelt kan gjennomførast på eit seinare tidspunkt.
8. Inngåtte avtalar med kommunar og kulturaktørar om UKM-festivalane vert honoret etter nærmare dialog. Fylkeskommunen tek sikte på å dekke allereie utført arbeid og utgifter med bindande kontraktar med underleverandørar.